

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 71.

Fylke: Nord-Trøndelag.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Grong.

Emne: Gifteferdig ungdom.

Bygdelag: Namdalen.

Oppskr. av: Martin Bjerken.

Gard: Bjerken.

(adresse): Øyheim.

G.nr. 2 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eige røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):  
Alder 90 år. Bur på Bjerken i Grong som kårmann.

## SVAR

Synet på giftermål i den eldre tid var, at ein helst måtte finna seg eit gifte frå samma stann, som ein sjølv var. I gardbrukarstandet galdt det mest som ein fast regel. Grunnen var vel, at odelsgutten på ein gard trong ei kona som var opplærd med gardkoneyrket, når ho skulde flytta inn på garden som husmor og ta over stellet dit ho kom. Og so hadde det nokk mykkje med heimagiftet å gjera. Ei jenta som kom frå ein gard hadde gjerne pengar med seg, og so hadde ho utstyr som møblemang og dekyt og til det høyrde lenty som dukar serviettar handdukar og mykkje anna av det som trongs på ein gard for, at det kunde segjast at dei var velberga folk. Det låg som ein tradisjon dette som det ikkje var rett å bryta, om det skulde bli den rette gleda på garden når nykona kom. Om nykona kunde komma frå husmannsstandet kunde det ikkje reknast med nokoo heimagifte, og det var liksom inngrod millom bondestandet, at innom sit eige stann måtte ein prøva å finna seg ei kona og, at døtrene på bondegardane måtte prøva å bli gift med ein som var bondefødt. Helst måtte han vera odelsgutt men lukkast ikkje det, var det bra om han var ein yngre gutt på garden, då det ofte var ei råd for at slike ogso kunde få seg ein gard ved å kjøpa ein som kunde vera ledig eller, so kunde dei dele ein gard millom to eller fleire brør for at det kunde bli bønder med eigen gard av sønnene på ein gard, der det



var fleire sønner. Dei økonomiske tilhøva på ein gard var som regel so bra, at ei slik tilskipning kunde bli røyndom. Giftarmåla i bondestandet var vist mest millom ungdommar innom bygda, men det var ikkje so få som fann seg ein ektemake frå ei nabobygd. Her i dei indre Namdalsbygder var det fleire koner som var frå nabobygderna og det kom vist mykkje av, at det var ein stor marknad på Mølen i Overhalla fyrst i Oktober kvart år, og dit drog ungdommen frå flest alle namdalsbygder for å ha morro. Og det sjer ut som, at det var fleire som fann seg ein ektemake frå nabobygderna ved at dei råka all den ungdom, som dei vart kjend med her.

At foreldra ordna med giftarmåla åt borne sine trur eg ikkje var nokkon regel akurat, men i einskilde høve vart det vist gjort. Det var vel ungdommen sjølv som fann kvarandra, men foreldra skulde godkjenna det valg som borna hadde gjort, og då kunde det ofte bli meiningsskilnad. Det kunde vera att dei gamle ikkje lika den ætta som ektemaken skulde komma frå, og her satt foreldra inne med ein kjennskap som dei hadde lært av det som kunde ha hendt gjenneom lengre tid, men som dei yngre ikkje alltid lånta øyra til, og so kunde det bli nok so alvorlig meiningsskilnad millom dei eldre og dei yngre. Men endelykti vart, at dei yngre fekk det som dei vilde. Der dei eldre greip inn i slike tilhøva var vist mykkje av den grunn, at dei gjerne vilde at borna skulde komma inn i ei god og gåverik ætt og so var det vel ogso middelen, som ein kunde rekna med i gifmålet.

Å gifta seg inn i si eige ætt sjer det ut som folk hadde imot. Det var motstann mot at syskenborn gifta seg med kvarandre. Dei meinte at det vart veiklingar av borna, når foreldra var so mykkje skyld. Nærare skyld enn firmenningar måtte ektefolka ikkje vera. Men det vart da ektefolk av syskinborn trass i, at folk var imot det men mange vart det ikkje.



11/ hende, At borna sette seg opp mot foreldra i giftarmål, og det har vore sakt, at det ikkje vart bra giftarmål, når slikt kom til å henda.

Når foreldra og borna kom på kant med kvarandre om giftarmål kunde dei yngra rådføra seg med andre av sine slektningar, og det var vist av og til slik, at slektningane meгла so det vart ei god ordning tilslutt, når det var misforståing millom dei eldre og dei yngre i spørsmål om giftarmål.<sup>13/</sup> At det gjekk so vidt i meiningskilnad om giftarmål, at det vart optog når brurfolket kom til kyrkja, har ein ikkje høyrd om her frå bygderna, og det hende vist aldrig.<sup>14/</sup> At motburden mot eit giftarmål ordna seg ved at ho som skulde bli svigermor sette ein dugleiksprøve på den som skulde bli nykona har ein heller ikkje høyrd nemnt her i bygda.

12/ Det var mest i bondestandet at det kunde bli motburd i giftarmålssaker. I husmannssti<sup>15/</sup>det høyrde ein mindre om det, og likeins var det millom tenestefolk og dei som ikkje var eigarar i jord eller annan middel..

18/ Når ei enkje skulde gifta seg kunde det vera nokre vanskar, men det gjaldt mest skifte med arvingane etter den mannen ho hadde hatt, og det hende at ho hadde valgt ein som ny mann som arvingane og andre ikkje likte men det måtte ordnast med skifte og når det vart gjort, kom det som regel til ro omkring det nye giftarmålet. Men var det vaksne born av fyrste ekteskapet, kunde det bli til, at dei ikkje likte å få ein stedfar. At ei enkje valgte seg ein ny mann var det vist ikkje. Det var ho som vart valgt av den som vart hennar nye mann.

Eldre jenter som hadde spara seg opp litt middel kunde ofte bli godt gift som det vart kalla, når dei fekk ein dugande mann som kunde eit handtverk eller hadde heim med jord eller utan jord, men endå var ein heim med bra húsvere og der det var godt å bu.

20 At guttar og jenter fekk nokko varsel om kven



dei skulde bli gift med, minnes ein ikkje å ha høyrd nemnt. Men truleg var det ei slik tru den tid overtrua hadde eit godt tak på folket i bygderna.

100  
4/ At det fandst droppar eller nokko anna som kunde venda hugen på ein slik, at ein vart tvinga til kjærleik til ein annan har ein høyrd nemnt, men kva det var høyrde ein aldrig, og det vart vist ikkje brukt nokko slikt det ein trur. At vaksne guttar og jentor ikkje skulde tala samman i utrengsmål, var det vist ikkje.

23 Nattefriing det å gå på vitjing åt jenterne på nattetider var skikk og bruk ogso her i eldre tid. Skikken var vist tålt men ein trur ikkje, at skikken hadde nokkon brei plass i folks bevisstheit, sjølv om både guttane og jenterne ikkje hadde nokko sers imot det akurat. Det skulde vera mest om laurdagskveldane, at guttane gjekk på lofta åt jenterne på seinkvellen. Det kunde vera fle fleire guttar ilag på slike turar, og då dreiv dei vist mykjen komers og det hende vist fleire gonger, at husbondev jaga dei vekk for skuld nattefreden. Skikken var lite hyggeleg, då guttane kunde ha skjenkt seg, når dei v var ute på slike turar. Nokko spesialforbud mot nattelauperiet var det knapt, men ~~meir~~ uviljen mot det voks meir og meir, so det no er mangfoldige år sidan denne skikken tok slut, då det var ei stygg uskikk. Men det at ein gutt vitja kjærasten sin ein laurdagskvell var det ikkje den reaksjon imot, so det vart told lengere ~~meir~~ so den skikken vara ~~ei tid~~ men ogso den har fått slutten forlengst. Det var mest skjærtorsdagskvellen, at natlauparan for frå gard til gard og det vart kalla å „dengja“ jenterne med bjørkeris og skulde minna om lidinga på Golgata, som er fortald om i bibelhistoria. Når desse skikkane tok til veit ein ikkje, men truleg skriv dei seg frå den katolske tid.

52/ Fantestykkje mot nattefriaren vart gjort ogso her. Det var gjerne nokko han reiv ned når han skulde



opp troppa til loftet der jenta låg, so det vart eit rammel som høyrdest over heile huset.) Om jentene låg på sætra med buskapan kunde det vera vitjing dit, men nokko sers om nattefriing dit høyrde ein lite om. Det var ikkje alltid at ei jenta var sætertaus. Det var oftare eldre kvinner som tok sætertausjobben år om år og til eldre kvinner, gjekk ingen på nattefriing. Nokkon serskilde seremoniar omkring nattefrieriet og natlauperiet var det vist ikkje her. Men nokko kunde det vera men mest det, som gutane kunde komponera for kvart einskild høve.

58/ At ungdommen råkast ved kyrkja var her som all annan stad, men her, gjekk alt sømmeleg for seg. Her kom det ikkje meir enn til ei samrøda<sup>64</sup>. Kvileplassar på kyrkjevegen der ungdommen kunde ha ei samrøda var det ikkje her. Men at fleire både guttar og jenter gjekk ilag til og frå kyrkja, var det her.

67 Juleselskap kunde det vera i dei einskilde gren- der i bygda. Her var det traktering, og so kunde det vera ein svingom. Og so hadde ein større danseleikar men desse var sluttet lag, so ingen kunde komma dit utan å vera beden. Grunnen var vist, at dei ikkje vilde ha anan ungdom enn dei ein viste førde seg høvisk og fint og ikkje tok for mykkje av sjenken som alltid var brennevinstoddy. - Det kunde vera smådansingar på ein gard der gardens ungdom var vertskapet, og der kunde ogso dei eldre i grenna vera med på moroa. Nokko anna bevertning<sup>enn kaffe</sup> og sjokolade var det ikkje på samkomane her. 91) Summars tid kunde ungdommen samlast på leikarvollar der det var leik av ymse slag.<sup>92)</sup> Dei eldre kunde ogso komma til slike leikarkveldar, men for å pssa på ungdommen var det ikkje men får å sjå på leiken og ha morro av det. Nokko bevertning på slike leikarstemnor var det ikkje. Nokko utanom dette var det ikkje det ein veit. At gutar og jentor gjekk ilag frå slike leikar-



stemnor gjorde dei utan, at nokko usømmelig hende av det.

95

Vinters tid kunde det etter tur vera samkommar på gardane av kvinnfolka i grenna både dei unge og dei eldre der dei hadde for seg eit eller anna handarbeid med prat og ein kopp kaffe men st gutane møtte opp på slike møter, trur ein ikkje. Slike møter vart kalla "oppsotto" men som i seinare tid vart til smådansingar med dette namn.<sup>102)</sup> Til dansingar enten det var av dei større eller smådansingane måtte det vera musikk, og i bygda fandst det fleire spellemenn både felespellemen og dei som brukte trekspell. Når det skulde vera ei stordansing måtte det alltid vera felespell, og da leigde arrangørane musikken. Ophaveleg var det vist berre solospill men seinare vart det spelmannslag med fire feler, og det var sers dugande folk med i slike lag.

102

104

Når det var berre ei smådansing greidd, det seg med trekspelmusikk ein musikk, som var rekna god å dansa

101

etter, då den hadde ein framifrå rytme og takt.<sup>101)</sup> Til dei større dansefestar var det alltid fleire som tok seg av arrangementet og til dei mindre dansekvellar trong ein ikkje so stort førebuingarbeide, men det som trongs, tok gjerne husets folk seg av.<sup>103)</sup> Utgifterne til

103

69

slike festar vart ordna med ein rimeleg kontigent på kvar. Ved dei større dansefestar kunde vera i meste laget av sjenken men ellers var dei moralske tilhøva med all respekt.<sup>69)</sup> I brudlauper der det var so mykkjen ungdom samla, at det ikkje var sengeplass åt alle og der måtte ordnast med flatseng på eit golv der både gutar og jenter skulde ligja, kunde det vera mykkjen komers. Der var det om å gjera å finna på dei best utspekulerte gapstreker so det vart lite av sømnen, men at gutane og jentene kom for nær kvarandre hørde ein ikkje nokko om.

105

Skisporten med langrenn og hoprenn er ikkje so reint gamal i bygderna her, men da det tok til med stemnor møtte folk opp for å sjå på renninga og ungdommen var sjølvstakt med og ofte slutta ei slik stemna

200



med ein dans og her var ungdommen med og nokkon ~~og~~  
~~nokkon~~ klaseskilnad eller annan skilnad var det ikkje  
millom folk til slike festar. Då kapkøyringa kom var  
det ogso fest etter desse og sportsfestane var likeins.

106 Det hende vist at forelara nekta borna å  
gå på festar når dei meinte, at der vilde komma folk  
som ikkje hadde det beste ordet på seg for fyll og  
ikkje hadde den høviske framferd, som dei meinte var  
turvande for godt namn og rykte. IV

At den fyrste som kom tilgards etter jula når  
arbeidet igjen hadde teke til fekk namn som rokkemann  
låvekjerring vart brukt i bygda, men at dei skulde ha  
nokkon juletråd høyrde ein ikkje nokko om. Juletråden  
skulde ein få når jula kom altso julekvellen. Juletrå-  
den var hemlaga ting som sokkar, våttar, hosebånd og  
linande nytteting, som husmora gav til tenarane og borna,  
og so kunde tenestjentorna gjeva eit par hosebånd ho  
hadde laga til ein gut, som ofte kunde vera drengen på  
garden eller til nokkon av syskena sine eller andre,  
som ho hadde godhug for. Venteleg var det den gutten  
ho lika best helst kjærasten, som fekk juletråden. Det  
var vist ofte at husmora gav eit unnerplagg åt nokkon  
av tenarane når ho meinte, at det trongs og den gamle  
skikk med juletråd var ofte ei vakker og god skikk.  
At nokkon gjekk og tagg om juletråd var ei skikk, som  
ikkje høyrde heime her i bygda.

Jenternes rett til å fria i skutåret hørde ein  
mykkje om i den eldre tid men nokko eksempel på, at den  
eller den hadde gjort det, høyrde ein aldrig. Om nokkon  
hadde gjort det og fått seg ein ektemake på det viset,  
fortalde dei det vist aldrig og slettes ikkje, om det  
hadde mislukkast.

Når ein skal avslutta denne svarlista er det  
rett å nemna, at det ogso her millom dei unge kunde vera  
det som ikkje var heilt bra. Det seksuelle hos folket  
er ikkje utan resiko, og når ein sjer gjennom dei gamle



kjerkebøkerne finn ein, at ein og annan måtte møte i kjerka og bli skrøfta for moralske mistak. Men at dette skreiv seg frå sammankomstar av ungdomane på festlige tilstelningar, finn ein ikkje nokko om. I 1837 var her ein englender Mr. William Belton på laksefiske i Namsen og om opphaldet sitt i Norge skreiv han ei bok, der han nemner mykkje om både Grong og Harran. Han fortel, at han hadde vore på dansefestar og ikkje lakt merkje til nokko anna enn sømmeleg framferd millom ungdommen. Dette er i samsvar med det som ein kan ha høyrd frå dei eldre, og det ein kan ha vore vitne til sjølv. Men det som hender i løyndom har ogso hendt her, men ein må vera glad for, at det har hatt sine grensor.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

14486